



1	Kva for ein amerikansk standupkomikar , fødd i 1970, høyrer vi her?
2	Basert på Gunnar Larsens roman av same namn, kva heitte den norske spelefilmen fra 1950 som vart forboden å vise offentleg av Høyesterett? Først i 1998 vart filmen frigiven.
3	Denne katterasen har kva for ein amerikansk delstat i namnet?
	
4	Kva heiter den nest største øya i Thailand? Øya ligg aust for Bangkok og namnet kan omsetjast til "Elefantøya".
5	Kva kallar vi det siste iranske riket før islam? Det vart styrt av eit dynasti frå om lag år 220 til 650, og etterfulgte det partiske riket. Riket var eitt av dei leiande verdsrika i over 400 år, med sin sterkeste rival i Romerriket og deretter Austromerriket. «Det nypersiske riket» vert ikkje godteke som rett svar.
6	Kven var industriminister i Kåre Willoch's regjering 1981—83? Han deler namn med ein serie dokker.
7	La oss seie at eit glas raudvin inneheld 120 kcal. Kor mange kJ inneheld det same glaset med vin, avrunda til næraste hundretal?
8	Under kva namn kjenner vi denne illustratøren og forfattaren? Ho har vore fast illustratør i Dagbladet sidan 2009, og vart i 2015 kåra til ein av dei ti beste forfattarane under 35 år av Morgenbladet. Ho skriv og illustrerer bøker åleine, t.d. <i>Odd er et egg</i> , men samarbeider også med andre som Thor Åge Bringsværd og søstera Haddy Njie. Ho nyttar ikkje dette etternamnet som kunstnar, men to fornamn, eitt norsk og eit gambisk. Vi vil ha begge to.
	
9	Kva for eit ord på seks bokstavar er definert i Store norske leksikon som "lite, avdelt rom med lokk øverst på en kortvegg på innsiden av en kiste"? Ordet er nemnt i "Vesle Daniel" av Jacob Sande.
10	Lasteliner er ei oppmerking på skrogsida til eit skip som viser kor djupt skipet kan flyta i vatnet. Kva heiter mannen som var opphavet til lasteliner på skip?
11	Kva slags skapning er Halvorsen i barnebøkene til Marit Nicolaysen?

12	Kva for ein organist og komponist verka i Marienkirche i Lübeck frem til han døydde i 1707?
13	Med eit ord av gresk opphav, kva kallar vi den forandringa i synsretning som oppstår ved at ein ser på ein gjenstand frå to forskjellige stader? Eit døme er at dersom du held ein finger framfor nasa og så ser på han med berre høgre eller berre venste auge etter tur, ser det ut som at fingeren flyttar seg i forhold til bakgrunnen. Fenomenet kan utnyttast til t.d. å måle avstand til stjerner.
14	I kva for ein religion finn vi solgudinna Amaterasu?
15	Kven sat i 7 år som direktør for Statistisk Sentralbyrå og deretter i 26 år som sjefdirektør (sentralbanksjef) i Noregs Bank? Han er mest kjend for den såkalla paripolitikken, og har óg skrive «Norges Banks historie».
16	Kva heiter spelplattforma utvikla av Valve Corporation? Her kan både programvarehus og uavhengige utviklarar distribuere spela sine. Plattformen vart utvikla for bl.a. å ha betre kontroll på oppdateringar, og det første spelet som berre kunne spelast via denne plattformen var Counter-Strike. Plattformen er no rekna for å vere størst i verda. Tenesta har over 150 millionar brukarar.
17	I kva by vart OL arrangert det året ein turnar for første gong oppnådde ein score på 10 blank for eit apparat i eit OL.
18	Kva for eit ord på tre bokstavar er definert som "gode manerer" i Bokmålsordboka?
19	I kva for eit land ligg Carpentariabukta?
20	Under kva namn på to ord var den amerikanske fagforeningskvinnen Mary Harris Jones (1837-1930) betre kjent? Eit tidsskrift grunnlagt i 1976 er oppkalt etter henne.
21	Kva for eit ord , som også kan vere ein del av eit hus, nyttar vi om vinkelen i gradar mellom eit golfkølleblad og skaftet?
22	Kva heiter rollefiguren i Shakespeares tragedie Hamlet som drep Hamlet med eit forgifta sverd i sluttscenen? Han deler namn med far til Odyssevs i Homers dikt Odysseen.
23	Med tilnavnet «Der Mann mit der Mütze», kven var trenar for Vest-Tysklands landslag i fotball 1964–78, då dei bl.a. vann EM 1972 og VM 1974?
24	Kva heiter bloggen til Anna Rasmussen?
25	Milliardæren Turi Josefsen har budd i USA størstedelen av livet og bygd opp firmaet US Surgical Corp saman med sin eksmann. Innimellom kjem ho heim til Noreg og spyttar då gjerne inn pengar i prosjekt i heimbyen sin, t.d. i fleire hotellprosjekt, Turistua restaurant og eit ridesenter. Kva er heimbyen hennar?